

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag 7. september 2017 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, møterom v/kantina
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 11.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Berit Myrland (SV), Tormod Skeie (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 25.04.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Utvalet ønskjer å følgja kommunen sin praksis om at alternative framlegg til vedtak framsett i møtet også blir protokollert, sjølv om dei blir trekt før votering, jfr. sak 11/17.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 13/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.09.17

24. Statusoversikt pr. september 2017
25. Oppdatert prosjektplan «Forenkling, forbedring og effektivisering» frå Rogaland Rev.
26. Perioderapportering/budsjett frå Rogaland Revisjon IKS av 31.07.17
27. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 07.06.17
28. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 30.11.17

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

Leiar gjorde greie for sakene. Revisor noterte seg namn på kommunar som kunne nyttast for samanlikning, jfr. pkt. 25.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Referatsakene 24 – 28 blir tatt til orientering.

SAK 14/17 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxx» i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

I tråd med planen valde utvalet prosjekt nr. 3 «Oppfølging av politiske vedtak»

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon om «Oppfølging av politiske vedtak» i neste møte.

SAK 15/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2017

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Suldal kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

SAK 16/17 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2017**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2017 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

Revisor Kristensen orienterte om planen og svarta på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2017 til orientering.

SAK 17/17 KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2018**Sekretariatet si innstilling:**

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2018 vert på i alt **kr 1.100.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	258.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	172.000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	670.000
Totalt	kr	1.100.000

Handsaming i kontrollutvalet 07.09.17:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2018 vert på i alt **kr 1.100.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>258.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>172.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>670.000</i>
<i>Totalt</i>	<i>kr</i>	<i>1.100.000</i>

YMSE

Innkjøpsrutinar - teknisk

Utvalsleiar orienterte om at ho var blitt kontakta av ein innbyggjar. Han meinte ikkje alt var i orden når det gjaldt kommunen sine innkjøpsrutinar innanfor teknisk. Utvalet drøfta innspelet og blei samd om å be rådmannen om ei orientering i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Suldal kontrollutval ber rådmannen om ei orientering i neste møte om innkjøpsrutinane, med særskilt vekt på rutinar og praksis innanfor teknisk eining.

Bekymringsmelding frå kommuneoverlegen

Eldbjørg Sivertsen orienterte om at ho var blitt kontakta av kommuneoverlegen. Han var bekymra for situasjonen på helsesenteret/legetenesta.

Utvalet drøfta innspelet og var samd om å be kommuneoverlegen kome i neste møte for å orientera om situasjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.09.17:

Suldal kontrollutval ønskjer å få ei orientering frå kommuneoverlegen i neste møte om situasjonen for helsesenteret/legetenesta.

Neste møte: 09.11.17, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 07.09.17

Vanja Ignjatic
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær